



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 17/7179-12

## **Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule - rapport**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
  1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.
  2. Gje alle elevar direkte tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevar slik at terskelen for å søke rådgjeving blir lågast mogleg.
  3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetrinigar knytt til utdannings og yrkesrettleiinga kan følgjast opp. Under dette:
    - a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping
    - b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod
    - c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3
    - d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegeheter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag
  4. Vurdere korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.
  5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.
  6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.

**Vedlegg:**

- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgjevinga i vidaregåande skule

**Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Kontrollutvalet har fått gjennomført forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule. Bestilling vart vedteke av kontrollutvalet 26. september 2017 i KU-sak 40/17 og rapporten var ferdig 2. november i år.

Formålet med prosjektet var å få undersøkt i kva grad fylkeskommunen ivaretok og tilbyr utdannings- og yrkesrådgjeving i den vidaregåande skulen i tråd med sentrale krav og føringer i regelverket og i samsvar med eigne mål for området.

Deloitte AS, som har gjennomført forvaltningsrevisjonen, skriv i rapporten at det vert gjort mykje godt arbeid knytt til utdannings- og yrkesrettleiing i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er positivt at både rektorar, rådgjevarar og elevar i hovudsak opplever at faget yrkesfagleg fordjuping har medført styrking av utdannings- og yrkesrådgjevinga, og at fylkeskommunen arbeider for at rådgjevarnettverka i fylket skal utarbeide ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karriererettleiing frå 8. – 13. årssteg.

Revisor har peikt på fleire forbetningsområde etter vurdering av funn i undersøkingane opp mot dei utvalde revisjonskriteria. Dette har resultert i seks tilrådingar knytt til betring av utdannings- og yrkesrådgjevinga i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkesrådmannen har i sin høringsuttale kome med fleire gode innspel til vurderingane frå revisor. Høringsuttalen ligg som vedlegg 1 i rapporten.

### **2. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2016 plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 i FT-sak 41/2016. Forvaltningsrevisjon av utdannings- og rådgjevingstenesta var nummer 8 i denne planen. I planen hadde det namnet karriererettleiing i vidaregåande skule.

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgjevinga i vidaregåande skule 26. september 2017 i KU-sak 40/17.

Rapporten vart motteken 2. november 2018.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Føremål og problemstillingar

Formålet med prosjektet var å få undersøkt i kva grad fylkeskommunen ivaretok og tilbyr utdannings- og yrkesrådgjeving i den vidaregåande skulen i tråd med sentrale krav og føringer i regelverket og i samsvar med eigne mål for området.

Det vart utarbeidd tre hovudproblemstillingar med bakgrunn i dette formålet.

1. Korleis fungerer utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule?
2. I kva grad ivaretok utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule næringslivet sine behov?
3. I kva grad har dei som skal drive med utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule tilstrekkeleg kompetanse?

#### Metode

Revisor har gjennomført forvaltningsrevisjonen etter gjeldande standard for forvaltningsrevisjon, RSK001.

Det er nytta dokumentanalyse og intervju med utvalde personar i fylkeskommunen, i tillegg til intervju med representant frå næringslivet sin hovudorganisasjon i Sogn og Fjordane, som har bidrege med informasjon om problemstillingane i prosjektet. Det er vidare nytta fokusgruppeintervju med elevar frå vidaregåande skule i fylket. Til slutt vart det også sendt ut ei

spørjeundersøking til alle rådgjevarane som har ansvar for utdannings- og yrkesrådgjeving ved dei vidaregåande skulane i fylket for å få informasjon om rådgjevingstenesta.

#### Verifiseringsprosesser

Eit av intervjuet er nytta som bakgrunnsinformasjon i undersøkinga. Oppsummering av dei resterande ti intervjuet er sendt til dei som er intervjuet for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til fylkesrådmannen for verifisering og rapporten er justert på bakgrunn av tilbakemeldingar frå fylkeskommunen.

#### Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå opplæringslova. Kriteria er nærmere presentert innleiingsvis under kvart tema og i vedlegg 2 til rapporten.

#### Revisor sine konklusjonar og tilrådingar

Revisor skriv i rapporten at det vert gjort mykje godt arbeid knytt til utdannings- og yrkesrettleiing i Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen har gode system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen. Både rektorar, rådgjevarar og elevar opplever i hovudsak at faget yrkesfagleg fordjuping har medført styrking av utdannings- og yrkesrådgjevinga.

Revisor skriv i rapporten at undersøkingane i samband med forvaltningsrevisjonen peikar på fleire forbettingsområde, der mellom anna kapasiteten til rådgjevarane for å gje individuell utdannings- og yrkesrådgjeving vert nemnt som eit forbettingsområde, og at det kan vere krevjande for elevane å kontakte rådgjevarane på eige initiativ som eit anna.

Revisor har på bakgrunn av vurderingane som er gjort av funna i undersøkingane opp mot revisjonskriteria kome med tilrådingar til fylkeskommunen som vi betre utdannings- og yrkesrådgjevinga i den vidaregåande skulen.

#### Fylkesrådmannen sin høyringsuttale

Fylkesrådmannen skriv mellom anna i sin uttale at tilrådinga om å gje alle elevar tilbod om individuelle samtaler på initiativ frå rådgjevar ikkje nødvendigvis er rett bruk av rådgjevingsressursane då elevane har ulike behov for oppfølging.

Fylkesrådmannen skriv også at det er faglærar/skule som må vurdere omfanget av utplassering i bedrift i faget yrkesfagleg fordjuping då faglærar eksempelvis kan vurdere det som mest tenleg å ha fleire næringslivsbedrifter inn i skulen, for på denne måten å gje elevane eit breiare kjennskap til fleire fagområde. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering ut frå fagleg utbyte og tilgang til næringslivsbedrifter.

Om lag 30 lærarar i fylket har teke eller er i gang med eit studium der ein mellom anna får breiddekompetanse i utdanningsprogramma på vg1 og vg2. Dette vil, etter fylkesrådmannen si vurdering, vere med å sikre kvaliteten på informasjonen som blir gitt i overgangen mellom vg1 og vg2.

#### Sekretariatet sine vurderingar

Deloitte har gjennomført forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgjevinga i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane. Revisor har svart på alle problemstillingar, og gjort sine vurderingar av funna i undersøkinga opp mot valde revisjonskriteria. Dette har resultert i ein god rapport, der revisor kjem med tilrådingar for å gjere denne tenesta betre i vår fylkeskommune.

Fylkesrådmannen har i sin høyringsuttale kome med innspel med vurdering av enkelte av tilrådingane.

Tilråding nr. 2 om direkte tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevar er etter sekretariatet si vurdering viktig i og med at elevane sjølv peikar på at det kan vere krevjande å kontakte rådgjevarane på eige initiativ for å få individuell samtale. Fylkesrådmannen meiner at dette nødvendigvis ikkje er rett bruk av rådgjevingsressursane.

I tilråding nr. 3 ber revisor fylkeskommunen om å vurdere fire innspel til betring. Fylkesrådmannen skriv at når det gjeld det første forslaget, om og eventuelt korleis det er mogeleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping, mellom anna at det her må gjerast ei heilskapleg vurdering ut i frå fagleg utbyte og tilgangen til næringslivsbedrifter; ei vurdering sekretariatet er samd i.

#### **4. Konklusjon**

Deloitte har gjennomført undersøkingar om utdannings- og yrkesrådgjeving i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane. Det er mange positive tilbakemeldingar i rapporten, men revisor har kome med fleire tilrådingar om korleis fylkeskommunen kan bli betre innan dette feltet. Fylkesrådmannen har, i sin høyringsuttale, ein del gode innspel til vurderingane frå revisor. Innspela i høyringsuttalen gjev, etter sekretariatet si vurdering, ikkje grunnlag for å ta vekk nokon av tilrådingane frå revisor, men det er gode innspel i det vidare arbeid med å betre utdannings- og yrkesrådgjevinga i den vidaregåande skulen.